



Nivå 6

Test i taloppfatning

Instruksar for gjennomføring av testen:

- Vi anbefaler at de byrjar testen med å gjennomføre hovudrekningsoppgåvene, det vil seie oppgåve 22–36. Les reknestykka, men ikkje skriv tala /reknestykka. Elevane skal rekne i hovudet og berre skrive svara. Gi elevane ca. ti sekund til å svare på kvar oppgåve.
- Med resten av oppgåvene arbeider elevane på eiga hand. Les oppgåvene for dei elevane som treng hjelp. Unngå å lese eller forklare tal skrivne med talsymbol.
- I oppgåve 6: Poengter at ordet omtrent er viktig. Forklar at det berre blir spurt etter et omtrentleg tal.

Oppgåve 1Kap. 2

Bilen til familien Olsen har køyrt 18 399 km.

Kva vil kilometerteljaren til bilen vise når han har køyrt ein kilometer lenger?

18 400

Oppgåve 2Kap. 2

Finn talmønsteret og skriv dei tre neste tala:

1753 1743 1733 1723 1713 1703 1693

Oppgåve 3Kap. 2

Finn talmønsteret og skriv dei tre neste tala:

0,2 0,5 0,8 1,1 1,4 1,7

Oppgåve 4Kap. 3

Oscar er fødd i 2007.

I kva for eit år vil han vere eitt hundre år gamal?

2107

Oppgave 5

Kap. 3

Olga var hundre år gammel i 2007.

I kva for eit år vart ho fødd?

1907

Oppgave 6

Kap. 3

Omtrent kva for eit tal peikar pila på?



Kva som helst tal mellom 1000 og 2000

Oppgave 7

Kap. 4

Skriv "tre meter og fem centimeter" som meter.

3,05 m

Oppgave 8

Kap. 4

Omtrent kor stor del av heile rektangelet er skravert? Teikn ein ring rundt svaret ditt.




- a) 0,15 **b) 0,4** c) 0,80 d) 0,52 e) 2,5


Oppgave 9

Kap. 4

Omtrent kor stor del av heile rektangelet er skravert? Teikn en ring rundt svaret ditt.



- a) 0,15** b) 0,4 c) 0,80 d) 0,52 e) 2,5

Oppgave 10Kap. 4Oppgave 11Kap. 4**Teikn ein ring rundt det største desimaltalet i kvart par:**

- a) 2,06 eller 2,3
- b) 4,7 eller 4,52

Oppgave 12Kap. 4**Teikn ein ring rundt det største desimaltalet i kvart par:**

- a) 3,413 eller 3,32
- b) 5,17 eller 5,175

Oppgave 13Kap. 5

Knut deler eit eple i to. Deretter deler han den ene halvdelen i to.

a) Kor mange eplebitar har Knut no? 3
--


b) Kor stor del av heile eplet er ein av de minste eplebitane?

Skriv som brøk: $\frac{1}{4}$
--

Oppgave 14

Kap. 5

Teikn ein ring rundt ein tredel av boksane.



Oppgave 15

Kap. 5


Fargelegg tre firedelar ($\frac{3}{4}$) av denne figuren.



Oppgave 16

Kap. 5

Teikn ein ring rundt den største brøken:



Oppgave 17

Kap. 5

Merk av og skriv brøkene $\frac{1}{10}$ og $\frac{4}{5}$ så nøyaktig som mogeleg på talinja.




Oppgave 18Kap. 5

Du skal gå ein tur langs den markerte linja i kvadratet. Du startar i punktet S og går i retninga som pila viser, heile vegen rundt.

Teikn eit kryss som viser kvar du er når du har gått omtrent $\frac{1}{3}$ av turen.


S →



Dersom krysset står ein stad i dette området, skal du godta svaret.

Oppgave 19Kap. 10

Lag eit multiplikasjonsstykke (gangestykke) som viser kor mange fargestiftar det er til saman:



$$5 \cdot 4 = 20 \text{ eller } 4 \cdot 5 = 20$$

$$2 \cdot 10 = 20 \text{ eller } 10 \cdot 2 = 20$$

Oppgave 20Kap. 10

Lag eit divisjonsstykke (delingsstykke) som passar til biletet i oppgave 19.

$$20 : 4 = 5 \text{ eller } 20 : 5 = 4$$

$$20 : 10 = 2 \text{ eller } 20 : 2 = 10$$

Oppgave 21Kap. 10

Jim kjøper 3 handballar. Kvar handball kostar 98 kr.

Kva for eit reknestykke viser kor mykje handballane kostar til saman?

a) Rekn ut $3 \cdot 100$ og trekk frå 1

b) Rekn ut $3 \cdot 100$ og trekk frå 2

c) Rekn ut $3 \cdot 100$ og trekk frå 3

d) Rekn ut $3 \cdot 100$ og trekk frå 6

Oppgave 22Kap. 15

Skriv svara på reknestykka eg les.

De skal ikkje skrive reknestykket, berre svaret:

Rekn i hovudet: $7 \cdot 5$

35

Oppgave 23Kap. 15

Rekn i hovudet: $8 \cdot 9$

72

Oppgave 24Kap. 16

Rekn i hovudet: $50 + 30$

80

Oppgave 25Kap. 16

Rekn i hovudet: $120 - 50$

70

Oppgave 26Kap. 16

Rekn i hovudet: $0,8 + 0,7$

[Les "null komma åtte pluss null komma sju"]

1,5

Oppgave 27Kap. 17

Rekn i hovudet: $14 \cdot 10$

140

Oppgave 28Kap. 17

Rekn i hovudet: $50 \cdot 60$

3000

Oppgåve 29Kap. 17Rekn i hovudet: $30 \cdot 4$ 120
----Oppgåve 30Kap. 18Rekn i hovudet: $36 - 8$ 28
----Oppgåve 31Kap. 18Rekn i hovudet: $52 - 25$ 27
----Oppgåve 32Kap. 19Rekn i hovudet: $23 \cdot 3$ 69
----Oppgåve 33Kap. 19Rekn i hovudet: $33 \cdot 7$ 231
----Oppgåve 34Kap. 19Rekn i hovudet: $5 \cdot 16$ 80
----Oppgåve 35Kap. 19

Rekn i hovudet: Dobbelte av 36

72
----Oppgåve 36Kap. 19

Rekn i hovudet: Halvparten av 58

29

Oppgave 37Kap. 20**Rekn ut på dette arket:**

$67 + 158$

225

Oppgave 38Kap. 20**Rekn ut på dette arket:**

$400 - 163$

237

Oppgave 39Kap. 21**Rekn ut på dette arket:**

$49 \cdot 3$

147

Oppgave 40Kap. 22

For å skrive reknestykket $6 + 3$ på lommereknaren din trykker du på disse tastane: $6 + 3$.
Lommereknaren din har ikkje brøktast.

Korleis kan du skrive inn noko som er det same som $\frac{1}{8}$ på lommereknaren din?
(Skriv tala og symbola du vil trykke på i riktig rekkjefølgje.)

$1 \div 8$
